



MØTEPROTOKOLL

Utval: Utvalet for oppvekst og omsorg
Møtedato: 01.06.2010
Møtetid: 15:00 - 18.00
Møtestad: Kommunehuset

Av 7 medlemmer møtte 7, inkludert 2 varamedlemmer.

Desse medlemene møtte ikkje:	I staden møtte:
Liv Berit Befring. Harry Foss	Heidi Gjerde Gunnar Bruvik

Andre som var til stades på møtet:

PLO-leiar Grete Lill Hjartnes informerte om Samhandlingsreforma
Flyktningekonsulent A:Berntsen orienterte om integrering av flyktningar og sak 13/10.
Rådmann Ramsli under sak 13/10. Ass.rådmann Våge under heile møtet.

Merknader: Gunnar Bruvik var ugild i sak 16/10.

Utvalet sitt kvarter:	Gunnar Bruvik spurte om følgjande spørsmål: <ul style="list-style-type: none">- Status for utbygging av Samnangerheimen.- Har brukarane fått resultatet på brukarundersøkinga som vart gjennomført i PLO i 2009-10. Kristian Jørgensen orienterte om arbeidsgruppa sitt møte. Konsulent er sett til å utarbeide eit utkast over den byggmessige tilstanden. Utgreiingsarbeidet vil verte noko forseinka pga sjukefråvær på teknisk. Ass.rådmann orienterte om at brukarundersøkinga i PLO har vore handsama i Oppvekst og omsorg hausten 2009.
Spørsmål/interpellasjonar:	
Dokument utlevert i møtet:	Referat frå synfaring 25.05.10 – Skuleveg – del av FV 136. Informasjon til foreldre/elevar vedk. skuleveg mellom Ådland og Gjerde.

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 10.06.2010

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
012/10	10/281	Faste saker	
013/10	09/62	Busetjing av flyktingar i 2010 -2011.	
014/10	10/170	Motocrossbane på Sævild	
015/10	09/351	Kjøp av dirigentteneste for skulemusikken	
016/10	10/280	Fabrikkpipe Safa	
017/10	10/278	SFO - vedtekter - revisjon	
018/10	10/255	TV-aksjonen 2010 - val av kommunekomite	

SAKNR. 012/10
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Protokollen frå førre møte vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

01.06.2010 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Utvalet slutta seg til å handsame tilleggssak 18/10: Tv-aksjonen 2010 – val av kommunekomiteè.

Utvalet slutta seg til at administrasjonen utarbeidar eit drøftingsnotat vedk.

Samhandlingsreforma til kommunestyret hausten 2010.

Utvalet sitt kvarter vart handsama til slutt.

Gunnar Bruvik spurte om følgjande spørsmål:

- Status for utbygging av Samnangerheimen.
- Har brukarane fått resultatet på brukarundersøkinga som vart gjennomført i PLO i 2009-10.

Kristian Jørgensen orienterte om arbeidsgruppa sitt møte. Konsulent er sett til å utarbeide eit utkast over byggmessige tilstand. Utgreiingsarbeidet vil verte noko forseinka pga sjukefråvær på teknisk.

Ass.rådmann orienterte om at brukarundersøkinga i PLO har vore handsama i Oppvekst og omsorg hausten 2009.

OO-012/10 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent med tilleggssak 18/10.
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering. Utvalet slutta seg til at administrasjonen utarbeidar eit drøftingsnotat vedk. Samhandlingsreforma til kommunestyret hausten 2010.

SAKNR. 013/10

BUSETJING AV FLYKTNINGAR I 2010 -2011.

01.06.2010 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Gunnar Bruvik sette fram følgjande framlegg:” Som tilråding i oppsummering” . Samrøystes vedteke.

OO-013/10 VEDTAK:

- Organisasjonen som er etablert har kapasitet til å ta hand om nokre fleire (5 – 6) flyktningar.

- Tidspunkt for eit evt. mottak må tilpassast ein del praktiske tilhøve som m.a. tilgang på bustad.
- Før endeleg tilbakemelding må den økonomiske situasjonen i høve til busetting vera meir avklara.

SAKNR. 014/10 MOTOCROSSBANE PÅ SÆVILD

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune vil arbeida for at det vert utarbeidd ein reguleringsplan for eit område på gnr 47 bnr 2 på Sævell til bruk til motorsport.

01.06.2010 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Kristian Jørgensen sette frå følgjande tillegg til tilrådinga:

”Igangsetting av reguleringsplanen er avhengig av regionale og nasjonale interesser og finansiering.” Det vart røysta over tilrådinga med tillegget frå Jørgensen, som vart samrøystes vedteke.

OO-014/10 VEDTAK:

Samnanger kommune vil arbeida for at det vert utarbeidd ein reguleringsplan for eit område på gnr 47 bnr 2 på Sævell til bruk til motorsport.

Igangsetting av reguleringsplanen er avhengig av regionale og nasjonale interesser og finansiering.

SAKNR. 015/10 KJØP AV DIRIGENTTENESTE FOR SKULEMUSIKKEN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst og omsorg rår til at noverande ordning med gratis dirigenteneste frå kulturskulen held fram i fire år.

I gangsetting av reguleringsplanen er avhengig av regionale og nasjonale interesser og finansiering.

01.06.2010 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

OO-015/10 VEDTAK:

Utval for oppvekst og omsorg rår til at noverande ordning med gratis dirigenteneste frå kulturskulen held fram i fire år.

I gangsetting av reguleringsplanen er avhengig av regionale og nasjonale interesser og finansiering.

SAKNR. 016/10 FABRIKKPIPE SAFA

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune saman med Safa arbeider for at den karakteristiske fabrikkpipa frå 1883 vert restaurert slik at landemerket vert ståande.

01.06.2010 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Gunnar Bruvik bad om å få vera ugild. Han vart samrøystes funnen ugild. Samrøystes vedteke.

OO-016/10 VEDTAK:

Samnanger kommune saman med Safa arbeider for at den karakteristiske fabrikkpipa frå 1883 vert restaurert slik at landemerket vert ståande.

SAKNR. 017/10

SFO - VEDTEKTER - REVISJON

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

SFO-vedtektene vert revidert slik dei ligg føre datert 01.06.10.

01.06.2010 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

OO-017/10 VEDTAK:

SFO-vedtektene vert revidert slik dei ligg føre datert 01.06.10.

SAKNR. 018/10

TV-AKSJONEN 2010 - VAL AV KOMMUNEKOMITE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding

01.06.2010 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Fellesframlegg: "Eva Hellevang er leiar for Tv-aksjonen. Heidi Gjerde og Odd Lønnebakken er medlemmer. Varamedlemmer; Inge Aasgaard, Kristian Jørgensen og Nils Gåsdal." Samrøystes vedteke.

OO-018/10 VEDTAK:

Eva Hellevang er leiar for Tv-aksjonen 2010.

Heidi Gjerde og Odd Lønnebakken er medlemmer av komitèen.

Varamedlemmer; Inge Aasgaard, Kristian Jørgensen og Nils Gåsdal.

